

Kongevegbedriftene

GALLERI BRYGGJA



Om Galleri Bryggja

I enden av Kongevegen finn du Galleri Bryggja. Her er kunstnarstaden til lokalkunstnaren Kristen Olav Grøtnebø.

I første høgda finn du galleriet der du kan sjå, nyte og om du vil, kjøpe måleria til Kristen Olav. I andre høgda har han atelieret sitt.

Grøtnebø finn inspirasjon i lærdalsnaturen og arbeida hans endar som regel opp i ulike landskapsmaleri med motiv herfrå. Han utnyttar lyset og skuggane som vekslar så unikt på fjella og landskapet i Lærdal.

Om du stikk innom er Grøtnebø enten i utstillinga i første etasje, eller han står og målar i atelieret i andre høgda.

Uansett; spør han og du får du ei innføring i kvart av bileta som er utstilt eller han fortel deg om kva han arbeider med for tida.

Galleri Bryggja har ope kvar dag mellom klokka 11-17.

Velkommen!



Prøv minikurs
i maling

750,-

Les meir



Kristen Olav
Grøtnebø

(+47) 902 74
343

E-post



Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no



 Bruk av cookies